



Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 20.04.2017  
Vår ref.: 2015/687-14  
Saksbehandlar: HANVIE\_  
Dykkar ref.:

## **Fråsegn til utvidet plangrense - Plan 409, Slettebrekka-Hetlevik, Askøy kommune**

Vi viser til brev datert 14.03.2017 om utviding av plangrense for arbeid med detaljregulering for Plan 409, Slettebrekka- Hetlevik. Hovudføremålet med reguleringa er optimalisering av vegløysingar. Det vert no varsla utvida planområde for å justere helling i tunellen mot Hetlevik.

Hordaland fylkeskommune vurderer oppstart av plan og utviding av planområdet ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

### **Vurdering og innspel**

Hordaland fylkeskommune viser til fråsegn gjeve i brev av 16.02.2015. I fråsegna bad om at planarbeidet tek omsyn til areal- og transport, barn og unges interesser, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsel og universell utforming. Vi har utdjupande kommentarar til det utvida planområdet når det gjeld samferdsel og kulturminne:

#### Meir om samferdsel

Vi har ikkje merknader til utvidinga av plangrensa for å tilpasse tunellen med ein stigning på 7 % og ikkje ein stigning på 8 % slik det planen i utgangspunktet tok høgde for. Vi vil minne om vår uttale som vart gjeve i første oppstartsrunde:

*Det har tidligare vore dialog mellom Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune/Skyss i saka. Utfordringa er at den nye vegen ikkje er tilrettelagt for buss. Bussene må difor køyre gamlevegen for å kunne dekke buområder. Det er skjedd nokre forbetringar i endringane som no er lagt inn i planane. Mellom anna er det laga ein snarveg til Follese skule som skal gjere det enklare for å ta seg fram til skulen om ein kjem med buss. Vi rår til å lage busslomme med god plass ved skulen, slik at det og er rom for andre som har behov for av- og påstigning. Generelt bør utforming av busslommer og andre løysingar for kollektivtransporten skje i dialog med Skyss.*

#### Meir om kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Vi vil minne om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i all arealplanlegging. Hordaland fylkeskommune ber om at kulturminneinteresser vert omtalte, verneverdiane vurderte og tekne omsyn til i det vidare planarbeidet.

Nord i planområdet, på Eide, ligg det fleire Sefrak-registrerte bygningar. Vi ber om at desse vert omtalte og at kulturminneverdien vert vurdert i den vidare planprosessen.

I nordre del av planområdet er det også kjend eit automatisk freda kulturminne, ein hellar (Askeladden-id 91777). Hellaren ligg i Hetlevik, tett på eksisterande Fv 212. Det må takast omsyn til kulturminnet i den vidare planprosessen. Det automatisk freda kulturminnet med 5 meter sikringssone må visast i plankartet med omsynssone d (bandlegging etter kulturminnelova – H730). For å sikre kulturminnet må eit areal rundt omsynssone d visast med omsynssone c (vern av kulturmiljø – H570). Hordaland fylkeskommune vil gje innspel til omfang av omsynssone c (vern av kulturmiljø – H570) i den vidare planprosessen.

På Follese er det kjend ein steinalderbuplass med Askeladden-id 109879. Denne vart arkeologisk undersøkt i 2013. Lokaliteten vart fjerna i samband med undersøkinga.

#### Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre [www.hordaland.no](http://www.hordaland.no).

#### **Oppsummering**

Hordaland fylkeskommune viser til brev datert 16.02.2015. Vi ber om at planarbeidet legg særleg vekt på areal- og transport, barn og unges interesser, folkehelse, landskap, kulturminne, samferdsel og universell utforming.

Eva Katrine R. Taule  
fagleiar kommunal plan

Hanne Kathrin Vie  
saksbehandlar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planseksjonen, Regionalavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdselsavdelinga

Ambjørg Reinsnos, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Askøy kommune